

Strandstaden Os tek form midt på 1800-talet. Då byrjar handverkarar og handelsmenn å slå seg ned på øyra ved elveosen.



Fram til 1870-åra var Osøyro militær øvingsplass. Kvar preikesøndag om somrane var det eksersis på Osøyro, og der vart det også jamleg halde militærøvingar.

Den reisande som kom med den nyskipa Osbanen til Os i 1895, møtte eit bygdesentrum i rask vekst. Hundre år tidlegare låg det berre ei lita strandsitjarstove nede ved elveosen, i tillegg til nausta til gardane Ulven, Kuven, Skogen og Tøsdal. Det er båtbygginga i desse nausta i elveosen som har gjeve oselvaren namn. Øyra ved elveosen, danna av mange hundreårs avsetjingar av lausmassar frå elva, hørde delvis til prestegarden, delvis til grannegarden Moberg. Sjølve namnet «Osøren»

finn vi ikkje brukt før i 1760. Kyrkje-staden voks litt etter litt til ein liten tettstad, med handverkarar, handelsmann og skysstasjon. Ein viktig funksjon som vart lagt til kyrkjebakken, her som mange andre stader, var militær eksersis. Kring 1870 ser vi Osøyro som eit bytjande bygdesenter: eksersisplassen, med kvite telt og telthuset ved enden av plassen. □

PRESTEGARDEN

Som så mange bygder har Osbygda fått namnet sitt etter garden der soknekyrkja stod. Det er såleis garden Os – garden ved elveosen – som har gjeve namnet til sokna, til prestegjeldet og seinare til kommunen.

Den eldste kyrkja på garden Os vart truleg bygd seinast i 1050, og alt dei første prestane har mest sannsynleg vore busette på garden.

Den eldste bygningen som no står på garden, er ei årestove, 10 x 9 1/2 alner stor, bygd kring 1350. Denne stova vart brukt til prestebustad i 300 år.

Kring 1650 vart det bygd ny prestebustad. Dette er ei «glasstove» i to høgder, som vart bygd attåt gavlen på den gamle stova, og med gang mellom dei to husa. Dette er mellomalderens måte å byggja på.

Då presten JERSIN kom til bygda i 1816 og skulle busetja seg på prestegarden, var bygningane på garden sterkt til nedfalls. I 1820 vart det bygt ny prestebustad, og dei gamle husa vart vølte.

Hovudbygningen frå 1820 vart riven då den nye prestebustaden vart bygd i 1920 etter OLE LANDMARKS teikningar, i kultivert klassisisme. Dette huset er framleis prestebustad i Os. I same tunet står dei to stovene frå 1300- og 1600-talet.



OS STASJON

Søndag 1. juli 1894 vart Nesttun-Osbanen teken i bruk. «Consul Gade ønskede på Peronen Held for Banen, hvoretter det første Tog afgik fra Osøren til Nesttun kl 9.15 Morgen», står det i styreprotokollen. På Os stasjon var samla den største folkemengde som var sett i Osbygda, og dei første åra var tilstrøyminga av nyfikne så stor at styret innførte «plattformbillett».

Det nye stasjonsbygget var bygt like utanfor Osørens hotel. Rett ved hotellet låg dreieskiva for lokomotiva og kolbingen der dei bunkra kol. Dette førte til den første «forureinings-saka» i Os: hotelligaren klaga på sterk sjenanse med røyk og larm frå stasjonen, og fekk rettens medhald.

Dreieskiva ligg idag under asfalten, men resten av stasjonsområdet, med stasjonsbygningen, vognhallen og vognverkstaden ligg uendra. Vognhallen, som vart bygd i ein open jernsøylekonstruksjon, vart skoytt på og gjort lengre nokre år etter at stasjonen var opna. Osbanen revolusjonerte samferdsla i Bjørnefjordsbygdene. Brått var byen berre nokre timar unna, og overgangen her frå sjø til land høyrer til eit av dei store kapitell i norsk samferdselshistorie.

